



KUNST: Ruth Mjanger frå Masfjorden er klar med si fyrste utstilling.



NORDHORDLAND: Torkell Bernsen (KHIB), Odd Torleiv Furnes (NLA), og Sverre Stokke (NLA) har alle vore medhjelparar.



HIMMELSYNET: Utstillinga er open gjennom sommaren.

Ruth har levd med kroniske smerter i 20 år

No har Ruth Mjanger (35) laga kunstutstilling som skal utfordra det lidande mennesket sin relasjon til seg, gud og utfordringane med å vera sjuk.

YNGVE GAREN SVARDAL
yngvesvardal@nordhordland.no

– I utgangspunktet er det ikkje min sjudom som er viktig, men det å ha ein kronisk sjukdom, seier Ruth Mjanger frå Masfjorden.

Onsdag denne veka opna ho ei utstilling på Lepramuseet i Bergen for å setja fokus på det å ha ein kronisk sjukdom.

Sjølv byrja ho å verta sjuk då ho var 16 år gammal. Men det tok ti år før ho fekk diagnosen Fibromyalgi, kroniske muskelsmerter.

– Då har du ein periode der du tenker kva skal du gjera nok for å verta betre og frisk. Du tenker heile tida at dette er kortvarig. Så får du ein diagnose som seier at du kan ikkje rekna med å verta kvitt det i det heile. Og det er eit sjokk, seier ho.

Sjokk og fornekting var reaksjonen hennar op beskjeden.

– For min del tok det mange månadar før eg skjønnte kva legen hadde sagt. Etter kvart byrjar ein kanskje å godta det. Men ein kan snakka om år nokon gonger. Det er veldig ulikt kor lang tid folk brukar på å komma seg frå ein fase til ein annan, fortel ho.

For Mjanger sin del var aksepten av sjukdommen viktig.

– Det er då ein kan byrja å ta tak i ting og få eit godt liv likevel. Det er det eg ivrar for at ein kan ha eit godt liv med ein kronisk sjukdom, seier ho.

No har ho det bra seier ho.

– Ein finn sine løysingar for å få dagane til å gå, seier ho.

Til vanleg jobbar Mjanger som høgskulelærer på Norsk lærarakademi og utstillinga på Lepramuseet i Bergen er den fyrste utstillinga hennar.

– Eg vil gje eit bidrag inn i offentlegheita for å visa ein større breidde, kva det handlar om, kva ein må tenka på når ein skal ha ei god helse og eit godt liv. Det å ta folk på alvor i sine kampar og særleg i møte med sjukdom å snakka sant om livet.

Utstillinga er ein videoinstallasjon. Med utgangspunkt i landskapet i ei dyne tek ein del i ei indre reise gjennom skiftande terreng. Reisa vekslar mellom ro og uro, jord og himmel, draum

og verkelegheit, håp og fortvilning.

Ho har sjølv fleire gonger opplevd å ikkje verta tatt på alvor.

– Fibromyalgi og ME har vore sekkebetegnelsar som det er komme meir kunnskap om, så ein vert meir og meir tatt på alvor.

– Men det at nokon kjem ein i møte er viktig, det å kunne snakka om heilskapen, ikkje berre dei fysiske tinga. Både kropp, sjel og and for min del har vore viktig for å finna livmøt og dei gode løysingane, seier ho.

Difor vil ho no dela erfaringane sine.

– For å visa folk som har opplevd det, eller som er i det, oppleva at det gjer ein gjengklang hjå dei og visa ein respekt for deira erfaring. Eg ser deg, seier ho.

Utstillinga er bevisst lagt til Lepramuseet på grunn av historia til plassen.

– Det gjer ei fin ramme til utstillinga, seier ho.



SPEIELLE LOKALE: Utstillinga er bevisst lagt til Lepramuseet i Bergen. Det var rundt 30 framfremte til opninga av utstillinga denne veka. **ALLE FOTO:** Yngve Garen Svardal